

# KYRKJEBLADET

66. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 3/2012

**Andakt** Side 3

**Slekters gang** Side 15

**Gudstenesteliste** Side 16



**Med halve livet i Afrika**

Side 8 og 9

**Marit Stokken kjem**

Side 4

[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

## DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

**Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00**

**onsdag kl. 11.00-15.00**

### Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

### Sekretær Jorunn Våle Tonckens

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: jorunn@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: frode.kvamsoe@gmail.com

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og

### Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

*Infrmasjon om gudstenester, konfirmanttida og Kyrkjebladet finn du på*  
***www.vaksdal.kyrkja.no***

*Bilete på framsida:*

*«Straumsfeta om hausten»*

*Foto: Svein Tøsse*

## Forslag til forsett

I dei norske heimar, anten dei er meir eller mindre møblerte, går det sport i å ramse opp alle dei gode forsett som me skal byrje eller slutte med når klokka slår tolv nyttårsaftan. Byrje trimma, dansa, risa tidlegare opp, smila meir, setje pris på livet, gje pengar til dei fattige. Eller slutta å røykja, eta snop, drikka brus, krangla med káno, bita negler.

Dette gjer me midt på vinteren, når me har mørke kveldar, det er kaldt, vinden uler om hjørna. Slaps og sludd. Mørkt om morgonen, mørkt når ein kjem frå arbeid.

Korleis går det med røykjesluttan då? Me nordmenn, som er kjente for å finne kvar minste grunn for å kosa oss, strevar nok litt ekstra.

Kva med trimminga? Turen på blåholka bort til postkassen kan vere utfordring nok, om ikkje ein skal ut og gå tur, eller enno verre, å jogga. Eg får krampe i hoftene av å halde balansen. Spa ut bilen for å reisa på trening? Når det er ferdig brøytt, så er du ferdig med treninga. Kva med å rise tidlegare opp, og rekkje å starte gravemaskina eller pc- en før timeløna startar? Tanken på sludd, regn, og mørke fram til klokka ti er vel ikkje den beste motivasjonen når den nye tida skal starte.

Kvifor ikkje lage forsett til etter ferien? I staden for til nyttår. Som botsøving etter inntak av julemat og drikke kan det vere greitt nok å lova seg sjølv både eitt og hitt når blotet er over, men tenk deg:

Seinsommaren, med ljose netter, frisk luft, solbrune kroppar! Då kan me gå laus med overskot - og overmøt. Sjølv om varmen etter kvart minkar og kveldane kortnar, heng vitaminane att i norske kroppar, og løyser seg sakte opp i blodstrømmen medan hausten eksploderar i fargar. Kvifor ikkje nytte denne tida til å starte med dei gode forsetta? Etter-sommarferie-forsett må vel vere mykje betre enn Midt-på svarte vinteren-forsett. Ein risikerer til og med å kome i form før dei første sure regnbygene med sluddfnugg byrjar bremse utferdstrongen. Før den sjuarma er komen i glasaset, har du vore røykfri i fire månader, stått tidleg opp så lenge at det har vorte ein vane, ser lyst på livet (og káno) og smiler heile dagen.

Berre gjer det.

### Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland  
tlf. 474 15 293

### Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal  
tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten  
tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid  
tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet  
tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Berit Vetlejord  
tlf. 56 59 64 19 / 918 65 927

Nesheim: Frøydis Gullbrå  
tlf. 56 59 52 77

### Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

### Björgvin bispedømme si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [www.bibel.no](http://www.bibel.no)

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 200,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjeverja i Vaksdal

### Grafisk utforming:

Wenche Horvei

### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam

### Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,  
5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrjekontoret for  
Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 5. november.**

# Inga grunn til mismot


«Ingen grunn til mismot» vert det sunge i høgtalarane i bilen. For litt sidan fekk eg ei CD-plate med ei som heiter Camilla Myklebust. Og då det stort sett er i bilen eg høyrer på musikk – skulle nok vore flinkare til det elles, og – er det denne CDen som har surra i CD-spelaren den siste veka.

CDen er spelt inn privat, ser det ut til, og har nok eit visst konsertpreg over seg. Det vil til dømes seie at lyden ikkje er heilt på topp. Men dette kjem ikkje i vegen for musikken, og han vekkjer interessa mi. Raskt får eg assosiasjonar til folk som Bob Dylan og T-Bone Burnett, men opplever at plata har sitt særpreg.

Men så var det jo teksten som fenga. Om at det ikkje er noko grunn til mismot. Er det verkeleg slik, kan me spørje. Er det ikkje nett det motsette: Det er skrekkeleg mykje å vere mismotig for: Skule, jobb, økonomi, helse, relasjonar. You name it! Heile framtida gjev grunn til mismot, vil kan hende nokon seie. Konflikhtar mellom menneske frå det nasjonale til det personlege plan minner oss nærast dagleg om å vere pessimistar. Naturen vert øydelagt og naturkreftevene øydelegg. I Salomos ordtak står det jamvel at «sorg i hjartet gjer motlaus» (15,13).

Bibelen sitt budskap at me ikkje skal vere motlause. Eller vonlause:

*For Gud gav oss ikkje ei ånd som gjer motlaus; vi fekk Anden som*



*gjev kraft, kjærleik og visdom  
(2. Tim 1, 7).*

Og:

*Difor må de setja mot i kvarandre  
og oppbyggja kvarandre.  
(1. Tess 5,11).*

Difor er det godt å få påminningar om at mismot ikkje er noko me er forplikta til å leve med. Me skal nok vere realistiske i våre tankar og kjensler om livet og utfordringane det gjev oss. Mellom anna ved ikkje å flykte inn i rusmidler av ulike slag, eller leva i ei massiv fornektning av kva og korleis livet vårt eigentleg er. Fokus og perspektiv er vesentlege stikkord for korleis me lever og opplever livet. Og sjølv

om me kan bli motlause – og somme gonger har god grunn til det – har me lov til å hente hjelp frå Han som ikkje vil me skal leve slik.

Songen eg skriv om heiter «Mesteren e her og spør itte deg». Grunnen for oss til ikkje å ha mismot er at Jesus gjekk i døden for deg, men seira så over han. Og seinare: «Og Mesteren e her og spør itte deg og lure på kor du har tatt veg».

Så er det altså slik at Han som gjev oss mot og von spør etter oss. Han vil ha oss nær, så Han kan gje oss dette og meir til. Og valet er ditt: Vil du springe bort eller koma Han i møte? Han vil gje deg framtid og von!

*Med venleg helsing  
Frode Kvamsøe*

# Marit Stokken kjem attende



Marit Stokken.

3. - 7. oktober kjem song - evangelisten Marit Stokken attende til kommunen – om lag 4 år sidan ho var her sist. Då står indremisjonsforeiningane i kommunen saman om ei møteveke, og inviterar folk frå heile kommunen til desse møta. Møta frå tysdag til laurdag vert i Dale kyrkje, og sundagen er ho med på storsamlinga i Vaksdal bedehus.

Marit er 54 år gamal, og er frå Fitjar på Stord, men bur no på Godøy på Sunnmøre. Ho er tilsett i Indremisjonsforbundet som evangelist, og reiser rundt om i heile landet med song og forkynning. Marit og Irene er nærast for eit omgrep å rekne, dei to har reist land og strand i 38 år. Ei rekkje plater har dei og gjeve ut, desse er til saman solgt i over 150000 eksemplarer. Dei har og skrive bøker, og det er skrive bøker om dei.

Marit kjem utan Irene, men vert likevel ikkje åleine. Ho har med seg den unge songe-



Arne Pareli Pedersen.

vangelisten Arne Pareli Pedersen (22). Han er tilsett i ein 20 % stilling, og er elles student ved Grieg-akademiet i Bergen.

Les gjerne meir om Marit – og Irene – på heimesida deira: [www.maritogirene.com](http://www.maritogirene.com)

## Konfirmantåret er i gang!



Over 45 ungdomar skal dette året fylgje konfirmantopplegget i kyrkjene i Vaksdal. Nytt av året var at konfirmantane i Vaksdal, Dale og Stamnes sokn skreiv seg

inn før sommarferien – med personleg fram møte i kyrkja si. I starten av konfirmantåret vert konfirmantane presenterte for kyrkjelyden.

Bilete syner konfirmantane i Dale sokn, som vart presentert under «Fest på kjerka» i Messehagen siste sundagen i august.

Foto: Marlyn Hop

# Min salme

Min salme er ei fast spalte i avisa Vårt land. Det er ei spalte der ein person vert utfordra til å seie noko om sin salme, kva ein likar ved den og kvifor det. Og kanskje akkurat denne salmen har hatt noko ekstra å seie for ein i ein eller annan samanheng at der er ei historie knytt til salmen som gjer at ein likar den godt.

I vår vart eg utfordra til å kome med min salme av vår tidlegare kapellan her i Vaksdal, Bård-Egil Dyrhol. Eg syns det var ei kjekk utfordring å få, men det var vanskeleg å velje ut ein spesiell salme. Det er så mange eg likar godt. Eg valde då ein salme som eg hadde i bryllaupet mitt og som har vore dåpssalme for mine born. Ein natursalme som skildrar Gud i alt det skapte og menneska som ein del av det, og samstundes menneskelivet frå byrjinga og til enden. Det er ein vakker salme, vakre skildringar av det kjende og kjære i ein vestlandsnatur med ein kjærleg Gud og far over det heile.

Salmen heiter "Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som tirer." Nr 287 i norsk salmebok. Forfattaren Johannes Barstad var i si tid prest på Voss, og han som har laga melodien, Trond Kverno er ein av dei mest kjende kyrkjemusikk - komponistane i dag.

Då me skulle ha andakt på Daletunet første gongen etter at spalta hadde stått i Vårt land vart det fremja ynskje om å synge denne songen. Og det kunne me sjølv sagt, og fleire gonger sidan har dette ynskje vore fremja. Det er tydeleg fleire enn eg som er glad i denne salmen og kjenner seg att i desse naturskildringane. Den som ynskte dette første gongen var Liv Grøsvik. Eg vart utruleg glad for hennar forslag og kjende meg æra som fekk Min salme i Vårt land sunge på Daletunet på andakt. Signe minnet hennar.

No vil eg utfordre dottera, Ingebjørg Dale til å kome med Min salme til neste kyrkjeblad.

## Salme 287

### GUDS SKAPERVERK

**T: Johannes Barstad 1899**


**M: Trond Kverno 1975**

- 1 Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som tirer i fagre fargar mellom stein og strå, som alle opp mot sol og himmel stirer med bjarte smil som barneaugo små.
- 2 Eg ser deg, Gud, i kvar den bekk som skumar i kvite fossar mellom knaus og koll og kler i brudeskaut den unge sumar og syng sitt liv utover vang og voll.
- 3 Eg ser deg, Gud, i kvar den tind som syner eit bilet av din stordom og din glans, når soli honom med sin gullkrans kryner, og snøen bind av sylv sin glitrekrans.
- 4 Eg ser deg, Gud, i kvar den sky som rodar så reint og høgt i friske morgonstund, og i det gull som eg i kvelden skodar, når dagen trøytnar mot sitt kvilemund.
- 5 Eg ser deg, Gud, i alt det liv som yrer kring jordi all og høgt i stjernesveim. Eg ser kor vel du skipar alt og styrer som kjærleg fader i ein barneheim.
- 6 Eg ser deg, Gud, og i mitt auga skjelver ei gledetåre, for du har oss kjær og over oss så fager himmel kvelver og gav til heim oss slik ei fager verd.

# BARNAS SIDE

## Prikk til prikk

Tegn en strek fra 1 til 2 og så videre. Hva skjuler seg her?



## Finn fem feil

De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet under?



## Fargelegg

Tegning:  
Asbjørn  
Tønnesen



## BARNAS

14 blader + DVD + CD  
= kun 359,-

(privatabonnement  
hjem i posten)

Gruppeabonnement  
kun 179,- pr barn

- Bibeltegneserier med prisbelønte tegnere!
- Tårnagentenes Klubbavis!
- Flotte aktiviteter og oppgaver!
- Egne nettsider på nettSPRELL.no!

Bestill på [barnas@sondagsskole.no](mailto:barnas@sondagsskole.no)  
eller på telefon 22 08 71 00

Velkommen til nettSPRELL!

**nettSPRELL.no**

- Musikkvideoer
- Tegnefilmer
- BARNAS-konkurranser

Søndagsskolens nettside for barn!

TÅRNAGENTENE

Tårnagentenes eget nettsted!

**tarnagentene.no**

## Ny Barneklubb på Eidsland

Me startar i haust ein ny klubb for barn på Eidsland. Det er ikkje mange barn der, men dei som er skal no få eit tilbod om samlingar der me lærer om Jesus, og der me óg har det kjekt ilag. Vi vil møtast på laurdagar frå kl 13- 15 om lag ein gong i månaden og startar opp 8. september.

Det er nokre år sidan "Liljekonvallen" dreiv på. Etter det har det ikkje vore noko arbeid utanom sjølve gudstenestene. Vi vil derfor ikkje avgrensa klubben på alder, men ta imot dei som vil vere med, og det er og hyggeleg om forendra er saman med oss. Vi vil samlast i sakristiet i kyrkja.

### Kva skal skje?

Det vert ei opning med opningssang og ei sangstund. So vil med ha ei andaktstund med å lesa og fortelja. Ein slik klubb har jo som føremøn at me skal verte meir kjende med Jesus.

Men klubben vil ha andre ulike klubbaktiviteter. Vi vil spille spill, ha leiker, og kanskje aktiviteter med å laga noko. Me er open for ynskjer og innspel. For i denne klubben skal vi gjere noko sammen.

So er vi i kyrkja og vil verte meir kjende med kyrkerommet, og kva som skjer her som kva som skjer når nokon vert døypte eller gifter seg.

Det er vel ikkje fritt for at vi kan få litt godt å kose oss med óg på samlingane. Hjarteleg velkommen til alle små og dei store som vil vere med og ha det kjekt i lag på ein del laurdagar framover.

Helsing presten Edvard Bø

# VING

## Ving i Dale bedehus

Ving er eit tilbod for dei som går i 5. til 7. klasse. Samlingane er annan kvar fredag kl. 18.30-20.30.

Datoane i haust: 7. september, 21. september, 5. oktober, 19. oktober, 2. november, 16. november.

## Utdeling av 4-årsbok



**Stamnes kyrkje:**  
Sundag 21. oktober  
kl. 16.00

**Dale kyrkje:**  
Sundag 4. november kl. 16.00

**Vaksdal kyrkje:**  
Sundag 11. november kl. 11.00

**Nesheim kyrkje:**  
Sundag 2. desember kl. 15.00  
(Utdeling av bok til 4- og 6-åringane i begge sokna i Eksingedalen)



**SØNDAGSSKULEN**  
Jesus til barna

### Søndagsskule i Dale bedehus

Dale og Stanghelle har felles søndagsskule, som har samlingane i Dale bedehus tredje kvar sundag kl. 11-12.

Datoane i haust:

**2. september**  
**23. september**  
**14. oktober**  
**4. november**  
**25. november**

### Vaksdal bedehus

På Vaksdal er det søndagsskule i bedehuskjellaren, samstundes med Storsamlingane kvar tredje sundag.

Datoane i haust

**26.august**  
**16.september**  
**7.oktober**  
**28.oktober**  
**18.november**  
**9.desember**



Marit på terassen heime.

## *Med halve livet i Afrika*

Då Marit Sandal avslutta si misjonærtjeneste i Etiopia for tolv år sidan hadde ho vore nett det: Halve livet i Afrika.

Marit bur på Lynghaug på Stamnes, med utsikt over fjord og fjell. Og det var her oppe på platået ho vart fødd – der heimen til faren låg. Mora var av Stamnes-slekta, og dei flytte til Stamnesgarden då Marit var ganske nyfødd, og budde i eit husvere der. Men då ho var åtte år flytte familien attende til Naustneset og eit nybygd hus. Dei var no fem i huslyden, for Marit hadde fått broren Sveinung og systera Annlaug.

Yrkestittelen «misjonær» inneber så mykje av yrker og arbeidstilhøve. For Marit sin

del vart det etter kvart å vere lærar, rektor og assisterande byggeleiar. Men det var slett ikkje slik ho hadde tenkt det skulle bli.

### **Ville ikkje**

–Eg hadde ikkje noko kall til å reise ut som misjonær. Men så fekk eg det – brått og uventa. Det skjedde medan eg hørde eit radioprogram på NRK nyårsaftan 1962, der ein lege fortalte om trongen for hjelpearbeidarar i Etiopia. Dette kjende eg til frå før, men nett den dagen slo denne budskapen inn hjå meg. Eg fortalte dette ikkje

til nokon, for eg hadde slett ikkje tenkt å bli misjonær.

Marit hadde utdanna seg til sjukepleiar og helsesyster i Oslo, og hadde fått stilling som helsesyster i Asker. Ho var nøgd med det, og ville ha det slik. Ho kjente litt til arbeidet som Norsk Luthersk Misjonssamband dreiv, for ho song i ungdomskoret Jubilo som heldt til på Fjellhaug bibelskule. Jubilo var eit kjent kor, som mellom anna hadde sunge på radio og TV. Så skjedde noko som hjalp henne til å stå på standpunktet sitt:

– Eg var ute og sykla og kulli-

” *Eg hadde ikkje noko kall til å reise ut som misjonær. Men så fekk eg det – brått og uventa.*

derte med ein lastebil, fekk kraniebrot og armbrøt, og var medvitslaus i mange dagar. På sjukehuset hadde dei bladet Utsyn, som Misjonssambandet gjev ut, så eg vart gjennom det og på



andre vis minna om kallet eg hadde fått. Men no rekna eg med at eg skulle sleppe unna grunna den alvorlege ulukka. Marit hadde fyrst ei vikarstilling som helsesyster, men fekk etter kvart fast stilling. Både dette og ulukka meinte ho skulle tale for at ho ikkje kunne reise ut som misjonær. Ho skreiv til Misjons-sambandet, la ved dokumentasjon på utdanning og praksis, og spurte om dei hadde bruk for sjukepleiarar.

- Eg rekna med å få eit "nei", og at eg difor no kunne slå meg til ro med at eg ikkje skulle bli misjonær. Så las eg i Utsyn at fem kvinner var antatt som misjonærer – og ein av dei var meg. Det kom som eit sjokk! Generalsekretær Vågen inviterte meg til ein samtale. Eg synte til trafikkulukka og skadane eg fekk av henne, men vart vist til organisasjonen sin lege. Trass i at eg hadde ein dårleg dag då eg kom til han, mellom anna med migrene, slapp eg ikkje unna: "Det er ikke bare premieokser vi sender ut!", sa han med eit smil, og meinte at eg elles var sterk nok til ei slik oppgåve.

Våren 1963 søkte Marit permisjon frå jobben, og gjekk eit misjonskurs på Fjellhaug og så eit kurs i London. Under Misjonssambandet si Generalforsamling i 1964 vart ho vigsla til misjonær. Etter dette arbeidde ho som lærar på Aker sin sjukepleiarskule for å få praksis som lærar før ho reiste ut. Ein vakker vårdag, 1. mai 1965, sette ho seg på flyet som skulle ta henne til Yirg Alem i Etiopia.

- Fyrsteintrykket var ei lang kø med sjuke menneske som skulle inn på eit overfylt sjukehus. Den nød som møtte meg var noko anna enn det eg var van med frå før.

#### Møtte keisaren

- Den fyrste tida gjekk med på å lære språket. Så tok eg til å jobbe på det vesle og primitive sjukehuset, som dekkja befolkninga i eit stort område. Der arbeidde eg saman med både norsk og etiopisk

helsepersonell.

Eit nytt og moderne sjukehus var under oppføring, og det var ei gåve til Etiopia frå den norske staten. Kong Olav hadde lagt ned grunnsteinen – saman med ein Bibel. På dette sjukehuset skulle det og vere ein skule. Då sjukehuset skulle innviast kom sjølvaste keisaren, Haile Selassie, saman med den norske helseministeren og representantar frå mellom anna Norad.

- Eg fekk helse på keisaren og vise han rundt på sjukepleiar-skulen og internatet. Han spurte mykje og gav råd, og var svært interessert i sjukepleiarutdanninga. «Ei viktig utdanning» hugsar eg at han sa.

I år 2000 avslutta Marit si teneste i Etiopia. Ho hadde då våre heime i feriane, og måtte brått heim då systera døyde i 1998, men hadde altså vore i Etiopia i om lag halve livet då ho slutta av. Ho har halde god kontakt med arbeidet og folket i Etiopia sidan, og har vore fleire turar dit med konsulentoppdrag. Siste turen var i 2010, og same året møtte ho den etiopiske helseministeren då han var i Stavanger.

- Tida i Etiopia var spanande og utfordrande, og eg har fått

”

*Eg fekk helse på keisaren og vise han rundt, og han var interessert i arbeidet vårt der.*

arbeida med mange interessante saker. Eg fekk arbeida saman med etiopiske helsestyresmaktene både på regional og nasjonalt plan, og var mellom anna med på å utvikle sjukepleie-programma i landet. Det kunne vere ei utfordring å møte dei i ministeriet, hugs at Etiopia var ein kommunistisk stat. Det aller kjekkaste med arbeidet var likevel å få vere saman med – og samtale med – studentane og lærarane på sjukepleiar-skulen.



Marit med eit minne frå Etiopia.

- Det var ei fantastisk tid i Etiopia. Der eg ikkje trudde eg skulle få gode dagar, opplevde eg Herrens løfter. Han var med i arbeidet. Eg er glad det vart slik Han ville, og ikkje slik eg ville!

#### Stamnes

Då vart Stamnes heimstaden att. Å vekse opp på Stamnes gav både tryggleik og glede i livet, noko både familien og bygda elles gjorde sitt til. Og det var på bedehuset ho tok ei viktig avgjerd som 12-åring. – Det var i 12-årsalderen eg for alvor vart medviten på trua mi. Det sto klårt for meg at eg måtte ta ei avgjerd om dette, og på eit møte i bedehuste gjorde eg slik som var vanleg då, eg bøyde kne som

eit teikn på at eg ville vere ein kristen. Og då, hugsar eg, kom presten Stokke og knelte ved sida av meg og ba for meg. Seinare gjekk eg på lands-gymnaset på Voss, og det var det eit godt kristent miljø – mellom anna var me ein aktiv kristenruss.

Marit har vore med i soknerådet, og går på møta i bedehuset og i kyrkja. Ho er lokal kontaktperson for Misjonssambandet, og husar gjerne predikantar som vitjar bygda.

- Å vere ein kristen er å leve med Kristus, vite at eg har open tilgong til Gud. Det gjev tryggleik. Det er og starten på det evige livet, og alt dette gjev livet meining og berikar det.

# Friluftsgudstenester sommaren 2012



Dalastemna 2012.

Foto: A. M. Eikefet



Stølgudstenesta 2012.

Foto: Berit Pettersen

## *Hausttid*

Tid for å hauste av naturen sitt mangfald. Tyttebær i store mengder er klare for hausting. Vêret er godt for soppvekst både inne og ute, kan ein vel seia. Hugs berre å skilje mellom «kantarell» og «kan-ta-feil».



Kantarell?



Tyttebær.



Haustflops.

## Staben på hyttetur



I sofakroken til Bygdehytta på Stamnes, frå venstre: Frode Kvamsøe, Jorunn Våle Tonckens, Tone Synnøve Øygard Steinkopf, Olav Arne Steinkopf, Edvard Bø og Svein Tøsse.

Staben ved Kyrkjekontoret har planleggingsdag ein gong i kvartalet, og haustens møte vart flytta ut frå kontora i Messa på Dale og inn i Bygdehytta i Stamnes sokn. Det var siste torsdagen i august me tok turen, og det var både regn og sol og mykje vatn somme stader der me gjekk, men det var aldri så mykje at det stoppa oss.

På programmet var ymse saker me arbeider me, og sjølvsagt matøtker. Jamvel kaker hadde me med - kan det ha noko med at kontor Tone Synnøve fylte førti år to dagar tidlegare?

«Staben ved Kyrkjekontoret» er nok ikkje eit heilt presist omgrep. For på

Kyrkjekontoret er det ikkje plass til alle dei som er tilsette av Vaksdal kyrkjelege fellesråd i større stillingar, eller begge prestane. Difor er det nok særst verdifullt med slike dagar som denne. Då kan me ta oss tid til å sitje ned med kvarandre utan at me ganske snart skal noko anna eller vere nokon annan stad. Stabsutvikling er vel eit ord ein kan nytte her.

Dei som ikkje kjenner att folka på bilete finn altså namna like under. Og på side 2 i Kyrkjebladet kan dei finne ut litt meir om kven me er og kva stilling me har.

Frode

## TAKK!

*Kjære Far eg takkar deg – for all den nåde du viser meg.  
Tenk at du kalla meg heimatt til deg då eg gjekk «vil» på den ukjende veg.*

*Takk at kvar dag er nåden ny – frå seine kvelden til morgongry.  
Ditt Faderhjarta av kjærleik så stor, som aldri, aldri kan tolkast i ord.*

*Ingenting av meg sjølv eg har, men likevel vil du vera min Far. Du kjenner vår bøn før den formast i ord, slik kjærleik kan ingen gje oss på jord.*

*Takk for alt godt du gjev meg kvar dag.  
Takk og for nederlag som lærdom meg gav.  
Du har den fulle oversikt, og veit kva som gagnar barnet ditt.*

*Takk at bønevegen open står, og våre kjære me leggja framfor deg får.  
Hald di kjærlege hand over store og små, så dei Himmelens herlege rikdom får sjå.*

Marta Rønhovde Kirkeli

## No er det slutt med Fader Vår

Bøna me ber oftast i kyrkjer og bedehus – og kan hende i heimane – er den bøna Jesus lærte læresveinane. Denne bøna har namnet «Herrens bøn». Men sikkert like ofte er han kalla «Fader vår» eller «Fadervår», for det er dei orda han startar me. No er det slutt med det. I den nye bibelomsetjinga startar bøna med «Vår Far...». Der er og nokre andre endringar seinare i bøna, og det er denne nye omsetjinga me skal nytte i gudstenester og kyrkjelege handlingar. Her hjå oss ventar me med dette til den nye gudstenesteordninga vert innført 1. søndag i advent.

Det vert nok ikkje til at me startar med den nye versjonen når me har andakt på Daletunet og Sjukeheimen, og når me vitjar eldre menneske der og andre stader. I

gravferder kan det tenkast at teksten til Herrens bøn vert trykt i salmeheftet, det same kan og gjerast i salmeheftet når det er vigsel. I gudstenestene vil me i større grad enn no nytte gudstenesteark eller storskjerm/prosjektor. Så teksten skal dei som elles kan lese kunne fylgje med på – og dermed ta del i bøna. Kva kvar einskild gjer når han og ho er aleine er jo opp til dei sjølv. Og somme vil nok helst halde fram med den gamle versjonen uansett. Men då Herrens bøn er ei bøn som er formulert som ei fellesbøn, er det naturleg at me nyttar den nye versjonen når me kjem saman. Herrens bøn – og altså ikkje Fader vår – finn du nedanfor, så det er berre å øve!

Helsing Frode Kvamsøe

## Herrens bøn

*Vår Far i himmelen.*

*Lat namnet ditt helgast.*

*Lat riket ditt koma.*

*Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.*

*Gjev oss i dag vårt daglege brød,*

*og tilgjev oss vår skuld,*

*slik vi òg tilgjev våre skuldningar.*

*Og lat oss ikkje koma i freisting,*

*men frels oss frå det vonde.*

*For riket er ditt og makta og æra i all æve.*

*Amen.*

## CD-innspeling i Vaksdal kyrkje

Vaksdal kyrkje har ved fleire høve vore nytta til Cd-innspelingar.

I byrjinga av august var det gitarduoen Sindre Sortland og Gjermund Fredheim som vitja kyrkja. Då var det spansk gitar-musikk som stod på programmet med komponistar som Joaquin Rodrigo og Manuel de Falla. Dei starta opptaka i Fyllingsdalen kyrkje, men der vart det etterkvart for mykje støy. I Vaksdal kyrkje fann dei derimot den roa dei trong. Sindre Sortland uttalar til kyrkjebladet at han vonar Cd-en vil vere klar før jul.

## Thaule-fondet

Det er nokre år sidan Bjarne Thaule døydde, men i gravferda hans vart det teke opp minnegåve til det kristne barnarbeidet i Dale sokn. Beløpet var pr. 1. januar kr 12.960, og Dale sokneråd har i eit møte 22. august vedteke at pengane skal fordelast slik: Søndagsskulen og Stanghelle barnelag får 1/6 kvar. Korskulen og Ving får 2/6 kvar.

## Bønemøter

Dei tverrkyrkjelege bønemøta i Dale bedehus held fram i haust, så velkomen til bønemøte **kvar onsdag kl. 18-19.**

## Leir på FAGERTUN!

ADVENTSLEIRAR

for 4.-7. klasse

23.-25. november og

30. november-2. desember.

Påmeldingsfrist: 1. november.

Informasjon og påmelding (med namn, adr., alder og tlf.nr.): aasrene@hotmail.com / 99 16 57 14



## Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret

### Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - **NY PRIS kr 150,-.**

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



### Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider -

**NY PRIS kr 200,-**

Kan kjøpast her:

Dale: Gyda


Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja



### Kyrkjestaden Dale 100 år

(1996)

104 sider – kr. 50,-.



### Soga om Stamneskyrkja

(1986)

239 sider – kr. 50,-.



### Jubileumshefte for Stamnes kyrkje

(perioden 1986-2011)

er til sals på Coop Stamnes og hjå soknerådsmedlemmene. Pris kr 100,-.



**CD-en kostar kr 150,-,**  
og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller gjennom Kyrjekontoret

**HVOR STOR  
VARMEPUMPE  
TRENGER DU  
EGENTLIG?**

GRATIS  
BEFARING  
55 200 201  
Ring i dag!

Ulike boliger trenger  
Ulike løsninger.

**Godt & Varmt**

Hardangeveien 20, salg@godtogvarmt.as, www.godtogvarmt.as

**ARNPRO** 

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

 **Liv Anne's AS**

Kafé – Bakeriutsalg – Catering  
5722 Dalekvam - Tlf. 56 59 66 50

Brød og kaker fra Hjelle  
Kaldtbord  
Snitter

Minnesamvære:  
• Dekking  
• Mat  
• Servering

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

 **coop  
marked**

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale


5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**SÆTERDAL  
ELEKTRO**

Me leverer alt innan elektrika-  
tenester, også varmpumper.  
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

 **VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
*Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar*

Ann-Elin Mjelde Gullbrå  
Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

**Ve vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

**HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?**

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

**GRAVMINNER**



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

 **STEINRIKET  
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

## Frys du???

AO-senteret KF kan hjelpa deg med:

- Ved
- Tøva tøflar
- Ullsjal / Halsar
- Pulsvarmarar
- Babyteppe

**DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN**

Opningstider: 7.30 - 15.00  
Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no  
ao-senter@vaksdal.kommune.no



Dale of Norway  
56 59 54 00



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**



Bytt til meir energisparande  
vindauge og merk forskjellen  
i vinter!

Vi utfører alt innan nybygg og rehabilitering.

Tlf. 477 50 467 og 481 44 680

**UTFØRER ALT INNEN  
TØMRERARBEID**

**BYGGMESTER  
FRED BJØRNBERG AS**

Tlf. 56 59 78 88  
fred@vaksdalnet.no

## Innbetaling av festeavgifter

Det vert i desse dagar sendt ut reknningar på festeavgift for graver. Avgifta er kr 1000,- for ti år, og tilbodet vert sendt ut til dei som er registrerte som festarar for gravstaden.

Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom de meiner at rekninga ikkje er sendt til rette vedkommande, slik at me får dei rette opplysningane. Det vert vurdert å setje ned festetida frå ti til fem år, slik at ein oftare har kontakt med dei som har ansvaret for gravene. Då vil i så fall rekninga verte halvert, og kome oftare.

Festeavgifta vert fastsett av kommunestyret, etter framlegg frå Vaksdal kyrkjelege fellelråd. Alle spørsmål som gjeld gravplassane kan rettast til kyrkjekontoret.

### Litt om retten til fri grav, og om festeavgift

Det er eit viktig prinsipp, at alle innbyggjarane i kommunen har rett til ei fri grav når ein fell bort. Og denne retten har me. Så lenge me nyttar ei tilvist ledig grav, får ein ei fri grav i 20 år. Me treng ikkje betale for arbeidet med graving og tildekking av grava, eller vedlikehaldet elles. Og det er ikkje påbode med gravminne på ei grav. Men når det først skal setjast opp slikt, er det reglar for kva som kan godkjennast. Og det er dei pårørande som eig gravminnet, og har ansvaret for det.

Ei grav som er eldre enn 20 år kan nyttast oppatt til ny gravlegging. Då kan grava med andre ord gå tilbake til kyrkegarden, og nyttast til gravlegging av andre. Dei pårørande vil i dei fleste høve ynskje å ta vare på grava i fleire år framover, og får tilbod om dette ved å betale ei festeavgift.

Dersom ein ynskjer å sikre plass for ektefelle, sambuar eller sysken ved sida av den som vert gravlagt, kan ein tinge plass. Då betaler ein festeavgift for den ledige grava så lenge som ein ynskjer å ha den, uansett om den vert nytta til gravlegging eller

ikkje. Ein må heller ikkje i dette høvet betale noko for gravlegginga, men betaler for plassen som er tinging. Og den unytta plassen kan seiast opp dersom familien likevel ikkje ynskjer å nytte den.

Ved gravlegging i dobbel djupn er reglane litt annleis. Dersom det vert gravlegging over den første kista, før den første grava er 20 år, vert det rekna ny friperiode i 20 år frå den siste gravlegginga. Om det går meir enn 20 år frå den første gravlegginga, vert det sendt ut tilbod om festeavgift som på dei andre gravene. Då held denne festeperioden fram så lenge som ein ynskjer å ta vare på grava.

Når ei grav er 70 år, må ein uansett søkje om å få forlengje festetida. Ta i så fall kontakt med kyrkjekontoret. Grensa er sett for å få til ei omlaupstid på kyrkjegarden så ein ikkje må utvide den og bandleggje meir areal. Det kjem årleg nokre få søknader om forlenging av festetida ut over 70 år, og desse er gjerne av di ein ynskjer å nytte gravstaden sjølv når den tida kjem.

### Visste du at...

Det er reglar for storleik og utforming av gravminne? Breidda må vere under 85 cm, vekta under 300 kg, og det skal vere sikra med 2 boltar. I tillegg er det grenser for storleiken på blomebedet. Det skal ikkje vere breiare enn gravminnet, og ikkje gå lengre fram enn 60 cm målt frå baksida av gravminnet. Nokre eldre gravminner kan vere festa med betongmørtel til sokkelen. Når dei etter ei tid losnar, eller må flyttast bort grunna graving, må dei sikrast med boltar etterpå. Dette for at dei skal kunne fjernast frå sokkelen ved behov. Gravminnet er festaren sin eigedom, og det er festaren som har ansvaret for at gravminnet er sett opp etter forskriftene. Kyrkjevjerja kan fjerne gravminne som ikkje er godkjente.

# SLEKTERS GANG

## DØYPTE



### Dale

24.06.2012 Franz Adrian Solberg  
22.07.2012 Leo Hesjedal-Johannessen

## VIGDE



### Dale

21.07.2012 Linda Svarstad og Jostein Tufte

### Bergsdalen

18.08.2012 Anette Kvamme og Ronny Tørrisen

### Vaksdal

18.08.2012 Lisbeth Rydland Skånvik og Jon Toralf Rikstad

## DØDE



### Stamnes

25.06.2012 Ragna Hisdal f. 1912  
13.08.2012 Liv Grøsvik f. 1919  
27.08.2012 Martin Lunde Stamnes f. 1988

### Vaksdal

30.07.2012 Leif Eilifsen f. 1927



## Møter i Stanghelle Bedehus

**Fredag 14. september kl. 19.00.** Møte v/ Audun Hjellvik  
**Laurdag 20. oktober kl. 16.00.** Basar



## Møter i Dale Bedehus

**Laurdag 27. oktober kl. 16.00.** Basar. Andakt  
v/ Roald Leikvoll  
**Fredag 30. november og Laurdag 1. desember**  
Møter v/ Ingbrigt Sørfonn



## STORSAMLING i Vaksdal bedehus

**Søndag 26. august kl 11.00**  
Andakt v/ Glenn Nordvarhaug. Nattverd  
**Søndag 16. september kl 11.00**  
Andakt v/ Reidun Skurtveit  
**Søndag 7. oktober kl 11.00**  
Andakt v/ Marit Stokken. Nattverd  
**Søndag 28. oktober kl 11.00**  
Andakt v/ Audun Hjellvik  
**Søndag 18. november kl 11.00**  
Andakt v/ Asle Hettlebakke. Nattverd  
**Søndag 9. desember kl 11.00**  
Andakt v/ Christian Skoge

Arr: Vaksdal Indremisjon

## KAFFEKROKEN

© Hans Johan Sagrusten



# VELKOMEN TIL KYRKJA

**Sundag 16. september**

16. sundag i treeiningstida Matt 5,1012

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

**Sundag 23. september**

17. sundag i treeiningstida Luk 7,1117

DALE KYRKJE kl. 16.00. UNG MESSE. Frode Kvamsøe og konfirmantar. Offer til Fagertun leirstad.

**Sundag 30. september**

18. sundag i treeiningstida Matt 8,513

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe og Erik Waaler frå NLA. Kyrkjekaffi.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. UNG MESSE. Edvard Bø, konfirmantar og Erik Waaler frå NLA. Dåp. Offer til ungdomsarbeid i kyrkjelyden.

**Sundag 7. oktober**

19. sundag i treeiningstida Joh 7,1417

DALE KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Dåp. Nattverd. 50 og 60årskonfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**Sundag 14. oktober**

20. sundag i treeiningstida Mark 10,29

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

**Sundag 21. oktober**

21. sundag i treeiningstida Luk 16,1931

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Hausttakkefest. Frode Kvamsøe og Audun Mosvoll frå NLA. Offer til Amnesty International (TVaksjonen).

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. 50årskonfirmantar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø og Audun Mosvoll frå NLA. Dåp. Utdeling av 4årsbok. Offer til barnarbeid i Stamnes.

**Sundag 28. oktober**

Bots og bøneding Luk 18,914

BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Bededagsgudsteneste. Edvard Bø. Nattverd.

**Sundag 4. november**

Helgemessesundag Matt 5,1316

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Høgmesse. Frode Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

DALE KYRKJE kl. 16.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Utdeling av 4årsbok. Offer til Dale og Stanghelle søndagsskule.

**Sundag 11. november**

24. sundag i treeiningstida Luk 12,3540

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste. Edvard Bø. Utdeling av 4årsbok. Tårnagenthelg. Offer til søndagsskolen i Vaksdal.

**Sundag 18. november**

25. sundag i treeiningstida Matt 14,2234

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

**Sundag 25. november**

Domssøndag/Kristi kongedag Matt 25,113

STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00. Familiegudsteneste. Frode Kvamsøe. Offer til Dale og Stanghelle indremisjon. Kyrkjekaffi.

**Sundag 2. desember**

1. sundag i adventstida Matt. 21,1017

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Utdeling av 4/6årsbok.

STAMNES KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til kyrkjelyds/konfirmantararbeid.

VAKSDAL KYRKJE kl. 19.00. Lysmesse. Edvard Bø og konfirmantane. Offer til Kirkens Nødhjelp.

DALE KYRKJE kl. 20.00. Lysmesse. Frode Kvamsøe og konfirmantane. Offer til Blå Kors Bergen.



## Bunad og stakkastovo as

*ny bunad*

*omsøm*

*bunadsølv*

*tilbehør*

*Ring for avtale 56 19 18 00*

*Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfjossen*

*www.bunadogstakkastovo.no*